



Håkon L. Haugland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/4670 - 23/45525

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:

09.06.2023

Svar på førespurnad om søknadsplikt - gbnr 188/399 Gjervik ytre

Eg viser til førespurnad datert 01.06.2023. Vi forstår at førespurnaden gjeld ny butikkdrift i delar av bygget og at underetasjen framleis skal nyttast til lager i tråd med godkjend bruk av lokalet.

Etablering av innvendig trapp mellom etasjane er eit søknadspliktig tiltak med krav om bruk av ansvarlege føretak, jf. plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 bokstav f) og 20-3. I kva grad innsetting av dør i fasade mot E39 er søknadspliktig er usikkert då vi ikkje har mottatt teikningar som viser dette, men vår førebelse vurdering er at tiltaket ikkje vil krevja søknad og løyve dersom tiltaket ikkje fører til endringar i bygningen sin karakter, eller tiltak i bærande konstruksjonar.

Tiltak etter pbl § 20-1 bokstav f) vil ikkje vera omfatta av rekkefølgekrav i føresegn 2.1.1 i områdeplanen for Knarvik Sentrum, eller kravet om utarbeiding av reguleringsplan i føresegn 1.6.1.

Vi gjer merksam på at søknadspliktige tiltak skal etablerast i tråd med gjeldande tekniske krav til byggverk, jf. TEK17.

Søknadspliktige tiltak som er i samsvar med bestemmelsar gitt i eller i medhald av denne lova og der ytterlegare løyve, samtykke eller uttale frå anna styresmakt ikkje er nødvendig, skal avgjerast av kommunen innan 3 veker, viss ikkje vil saksbehandlingsfristen vera 12 veker. Dersom tiltaket krev samtykke frå Arbeidstilsynet kan de innhenta dette på førehand.

Vi har i denne førespurnaden berre tatt stilling til dei spørsmåla du har stilt.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Håkon L. Haugland